

PS 82/1205 Spørsmål

Transportøkonomisk institutt ønsker at fleire skal reise kollektivt, og for å få til dette har dei framlegg om auka billettprisar i rushtida. Dette vil ramme folk som skal på jobb og skule, og samstundes svekka verknaden av køprisinga som blir innført frå 1/1- 2016. For at auka bompengar i morgon- og ettermiddagsrushet skal ha ei hensikt, bør ein heller redusera kollektivprisane slik at folk sparer på å reise kollektivt. Køpris er eit verkemiddel for å få fleire til å velje bort privatbilen, men då må det finnast eit godt og rimeleg alternativ.

Folk flest jobbar ikkje fleksitid, og kan ikkje avgjere når skulen startar, og kan difor ikkje velje når dei vil reise til jobb eller skole. Det held ikkje at TØI vil kompensera med lågare prisar på dag- og kveldstid. Eit godt og rimeleg kollektivtilbod bør vere ein naturleg konsekvens av ein villa miljøretta samferdslepolitikk.

Framlegget til budsjett har vorte lagt fram, og der er det framlegg om ei nytterlegare auke i kollektivtakstane.

Mitt spørsmål blir difor:

Meiner fylkesordføraren at framlegget frå transportøkonomisk institutt om auka billettprisar i rushtida er vegen å gå for å få flere til reise kollektivt? Meiner

Fylkesordføraren at framlegget om auke er i samsvar med målet om at fleire skal nytta seg av kollektivtransport?

Raudt Hordaland
Solbjørg Marjala